

# Årsplan for Fitjar soknerådsbarnehage Bakken 2024-2025

---



*Visjon: Me vil barnet det beste!*

Eigar: Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage

Godkjent av samarbeidsutvalet

*Del 1: Gjeldande 2022-25*





Årsplanen til Fitjar soknerådsbarnehage, Bakken er eit arbeidsreiskap for oss i Barnehagen, og informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid. Vi har valt å dela årsplanen i del 1, Verksemdsplan som er ein overordna plan over 3 år, og årsplan del 2 som går direkte på det daglege arbeidet i barnehagekvardagen komande barnehageår.

Vedteken av samarbeidsutvalet (SU) Dato : 24.10.24



## Del 1: Verksemdsplan, gjeldande 2022-2025

<b>Mål og retningslinjer</b>	s.2
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Barnehagelova</li> <li>• Rammeplanen</li> <li>• Fitjar kommune sine planar for barnehagane</li> </ul>	s.3
<b>Fitjar soknerådsbarnehage</b>	s.4
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Eigar</li> <li>• Historikk</li> </ul>	
<b>Vårt verdigrunnlag og pedagogisk grunnsyn</b>	s.5
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Visjon og motto</li> <li>• Verdier</li> <li>• Pedagogisk grunnsyn</li> <li>• Barn og barndom</li> <li>• Demokrati</li> <li>• Likestilling og likeverd</li> <li>• Berekraftig utvikling</li> </ul>	
<b>Barn med særskilde behov</b>	s.8
<b>Tilknytting og overgangar</b>	s.9
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Overgang heim- barnahage</li> <li>• Overgangar innad i barnehagen</li> <li>• Overgang barnehage-skule</li> </ul>	
<b>Satsingsområde</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Sosial kompetanse</li> <li>• Vennskap og fellesskap</li> <li>• Eit inkluderande barnehagemiljø</li> <li>• Utvida formål</li> <li>• Vennskapsbarnehage i Egypt</li> <li>• Språk</li> <li>• Leik og læring</li> <li>• Barns medverknad</li> <li>• Danning</li> <li>• Omsorg</li> </ul>	s.10 s.11 s.12 s.13 s.14 s.15
<b>Barnehagen sine 7 fagområder</b>	s.17
<b>Progresjon</b>	s.25
IKT , digital kompetanse	
<b>Barnehagen som pedagogisk verksemd</b>	
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Planlegging</li> <li>• Dokumentasjon</li> <li>• Vurdering</li> </ul>	s.25 s.25 s.25
<b>Samarbeid mellom barnehage og heim</b>	s.26
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Foreldreråd</li> <li>• Samarbeidsutval</li> </ul>	
Personalsamarbeid	s.26
Kontaktinformasjon	s.27
<b>Del 2 : Årsplan 2022/23</b>	<b>s.28</b>

## MÅL OG RETNINGSLINER

### § 1 Formål, Lov om barnehagar

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.»

### Tillegg § 1 A:

Fitjar soknerådsbarnehage vil bidra til å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon. Barnehagen er ein del av Fitjar kyrkjelyd sitt trusopplæringsarbeid.

### § 2 Barnehagen sitt innhald

«Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter. Barnehagen skal ta hensyn til barnets alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur. Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver. Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplanen for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.»

### Rammeplanen

Rammeplanen er ei forskrift til Barnehageloven og gir retningslinjer for verdigrunnlag, innhald og oppgåver. Det er eit arbeidsreiskap for å sikre livslang læring og heilheit i barns utvikling. Rammeplanen gir styrar, pedagogiske leiarar og det øvrige personalet ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd. Rammeplanen gir også informasjon til foreldre, eigar og tilsynsmynde.



## Fitjar kommune sine planar for barnehagane i kommunen:



- Barnehageplan 2020-2030
- Ei hand å halde i .....
  - Fitjar kommune si rettleiingsplan for arbeid med minoritetspråklege barn i barnehagar
- Frå eldst til yngst
  - Plan for overgang barnehage-skule i Fitjar kommune
- Kompetanseplan
  - BTI - Betre Tverrfagleg kompetanse
  - ASK- alternativ supplerande kommunikasjon
  - Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis
- Kommunal plan for barnehagar og skular: Implementering av Kompetanseløftet 2022-2025
- Plan for opptak i barnehagane i Fitjar kommune



## FITJAR SOKNERÅDSBARNEHAGE

### Eigar

Fitjar soknerådsbarnehage, Bakken barnehage, er ein privat kyrkjelydsbarnehage med utvida kristen formålsparagraf. Barnehagen er tilknytt Fitjar kyrkje. Eigar er Stiftinga Fitjar soknerådsbarnehage. Med unntak av tilsettrepresentant, vel Fitjar sokneråd styret for stiftinga. Desse sit i styret for stiftinga pr 01.01.24: Tom Rydland(leiar), Erling Prestbø, Torunn K. Aarskog og Sonja Pedersen.

Barnehagen er medlem av KA (Kirkens Arbeidsgiverorganisasjon) og PBL (Private barnehagers landsforbund)

Barnehagen har KA tariffavtale og pensjonsordning gjennom KLP.

### Historikk

Fitjar sokneråd dreiv frå 1981 til 2006 korttidsbarnehage i fleire bedehus i Fitjar kommune. Nokre år i alle krinsane: Stranda, Øvrebygda, Dåfjorden og Fitjar sentrum. Korttidsbarnehagane i krinsane vart nedlagt etter kvart som barnetalet der minka. Men i Fitjar sentrum var det ein stor korttidsbarnehage med 32 born heilt til våren 2006.

Fitjar sokneråd såg behovet for fleire heildagsbarnehageplassar i Fitjar kommune, og oppretta ei stifting som skulle stå som eigar og driva heildagsbarnehage tilknytt Fitjar kyrkje. Frå 1. august 2006 var heildagsbarnehagen Fitjar soknerådsbarnehage ein realitet, den første tida lokalisert i midlertidige lokale i Fitjar bedehus. Sommaren 2005 kjøpte Stiftinga ein verna bustad i Bakken byggjefelt, og etter ein lengre planlegging og byggjeperiode kunne me ta i bruk den nye barnehagen i Bakken i desember 2007 ( 2 avdelingar). Det var stor søknad til barnehagen og i august 2012 vart det oppretta ei ekstra midlertidig avdeling i leigde lokale (Klubbhuset til Fitjar Idrettslag) og styret gjekk i gong med planlegging av påbygg til barnehagen. I november 2015 kunne me ta i bruk den nye avdelinga, samt nye fellesrom (bibliotek, formingsrom), stort nytt kjøken og heilt ny personalfløy med arbeidsrom og pauserom. No har me fått ein veldig funksjonell 3-avdelings barnehage med gode lokale for born og tilsette.



## VÅRT VERDIGRUNNLAG OG PEDAGOGISKE GRUNNSYN

### Visjon og verdigrunnlag

Barnehagen sin visjon er « Me vil barnet det beste!»

Fitjar soknerådsbarnehage Bakken byggjer si verdiformidling på kristen tru og tradisjon. Verdiformidlinga skjer i kvardagssituasjonar og i pedagogisk tilrettelagt aktivitetar. I løpet av året har me fokus på ulike bibelforteljingar, sjå eigen plan. Me ynskjer at dei kristne verdiane skal vera synleg blant anna gjennom vår årsplan, månadsplanar, på vår nettside, i foreldresamarbeidet og i møte med einskildbarn. Me vil barnet det beste!


**Barnehagen sitt motto: «Trivsel, glede, leik og rørsl».**

I forhold til barna sin kvardag betyr mottoet at me vaksne skal:

- Jobba for at barna sin kvardag vert prega av leik og glede
- Ha stort fokus på trivsel
- Nyttå nærrområde som gir gode moglegheiter for rørsl: Rosneset trivselspark og idrettsbanen

I forhold til personalet betyr mottoet:

- Fokus på trivsel og arbeidsglede
- Fokus på psykososialt arbeidsmiljø og teambuilding



### Pedagogisk grunnsyn

Me legg vekt på at barndommen har eigenverdi. Barna i barnehagen skal få moglegheit til å utvikla basiskompetanse gjennom leik og læring i sosialt samspel med barn og vaksne. Det er eit mål at alle barn har nokon å leike med, kjenner på fellesskap og opplever å meistre barnehagekvardagen. Barn si evne til å føle omsorg for andre, kunne samarbeide og ha evne til indre sjølvkontroll, er ferdigheiter som har mykje å seie for ei positiv utvikling hos det einskilde barn.

Barn og vaksne utviklar seg i eit gjensidig samspel med kvarandre og omgjevnadane. Me skal møte kvarandre gjennom å vera autoritative vaksne (varme og grensesetjande) og bruke tid på å byggje relasjonar. Kvart menneske er unikt og skal oppleva tryggleik og bli sett for den det er.


Me er opptekne av heile mennesket. Barn og vaksne skal lære seg sjølve å kjenne. Dei skal få tru på seg sjølve, tørre å ta nye utfordringar og oppleva gleda ved å meistre og å tørre å feile. Alle skal få bidra gjennom å medverke og ta sjølvstendige val.

## Barn og barndom

«Barnehagen skal anerkjenne og verne om eigenverdien til barndommen. Å bidra til at alle barn som går i barnehage, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. Barnehagen er òg ei førebuing til aktiv deltaking i samfunnet og bidreg til å leggje grunnlaget for eit godt liv.»

### Kva dette kan bety for oss i Bakken:

- Verne om leiken, og eigenverdien i leiken
- Vaksne tilstades i leik
- Fokus på sosial kompetanse
- Gode relasjonar mellom barn -vaksne og barn-barn
- At borna blir sett og høyrte
- Oppleving av tryggleik og omsorg
- Mykje humor og glede i kvardagen



## Demokrati

«Meir mangfald og individualisering gir behov for demokratiforståing, respekt for ulikskapar og positive haldningar til å leve saman i fellesskap.»

### Kva dette kan bety for oss i Bakken:

- Barna sin stemme skal bli høyrte
- Ta borna på alvor
- Barna kan vere med å påverke sin kvardag
- Vaksne som er tett på barna
- Ha fokus på egne og andre sine grenser
- Vise interesse og ha fokus ulike kulturbakgrunnar
- Øve på å vente på tur



## Mangfald og gjensidig respekt

«Barnehagen skal fremje respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsetje og fremje mangfald og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finst mange måtar å tenkje, handle og leve på»

### Kva dette kan bety for oss i Bakken:

- Me heiar på alle!
- Møte alle med respekt og likebehandling
- Gi rom for undring og nysgjerrigheit
- Ta borna sine initiativ på alvor
- Tradisjonar vert vidareført



## Likestilling og likeverd

Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling, uavhengig av kultur, sosial status, etnisitet og kjønn. Barnehagen skal fremje nestekjærleik og bidra til at alle kjenner seg som ein del av fellesskapet. Likestilling mellom kjønna skal gjenspegle seg i barnehagen sin pedagogikk. Barnehagen skal oppdra barn til å møte og skape eit likestilt samfunn. Gutar og jenter skal ha like moglegheiter til å bli sett og høyrte, og bli oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar. Personalet må reflektera over sine eigne haldningar til og samfunnet sine forventningar til gutar og jenter. Korleis personalet møter barns uttrykk gjennom kropp, språk, kjensler og sosiale relasjonar har mykje å seia for barns læring. Barnehagen skal vera ein trygg stad som skaper trivsel og glede, ein trygg stad for fellesskap og vennskap.

### Kva dette kan bety for oss i Bakken:

- Alle born blir møtt av trygge vaksne
- Tilby borna dei same moglegheitane
- Gi borna tru på seg sjølv, og å tørre å seie i frå
- Vaksne som er tilstades og er tett på barna



### Berekraftig utvikling

«Barna skal lære å ta vare på seg sjølve, kvarandre og naturen. Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.»

### Kva dette kan bety for oss i Bakken:

- Respekt for alt liv i naturen, ta borna med på ulike turar i ulik natur
- Bevisstgjera borna på handlingane sine
- Kjeldesortering i barnehagen
- Hjelp borna å ta ansvar og respektera eigne og andre sine ting
- Vaksne som gode rollemodellar
- Fokus på leiker som varer, unngå bruk og kast





## Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebyggje krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.»

### Kva dette kan bety for oss i Bakken:

- Leggje til rette for leik og utfalding
- Øve på turtaking
- God organisering av dagen
- Tilbod om sunt og variert kosthald
- Deltaking i matlaging
- Glede og humor i kvardagen
- Oppleve meistring og eigenverdi
- Snakke om kjensler, alle kjensler er lov å ha
- Gi rom for kvile og ro i kvardagen
- Barna skal bli møtt av autoritative vaksne som tek ansvar og som vidareformidlar bekymringar.



## BARN MED SÆRSKILDE BEHOV

Frå Rammeplanen for barnehagen, punkt 1.7 ( Barnehagen som pedagogisk verksemd): «Barnehagen skal støtte utviklinga ut frå føresetnadane til barnet og gi kvart enkelt barn og kvar enkel barnegruppe utfordringar. Den skal gi eit individuelt tilpassa og likeverdig tilbod og bidra til ein meningsfulloppvekstuavhengig av funksjonsnivå, bustad, sosial, kulturell og etnisk bakgrunn.»

I Fitjar soknerådsbarnehage Bakken opplever vi at nokre av borna treng ekstra oppfølging. Det kan vera på grunn av ein funksjonshemming, forsinka utvikling på ein skilde område, eller behov for ekstra støtte i forhold til åtferd og/eller samspel med andre barn.

For desse barna blir det mellom anna satt opp arbeidsmetodar og mål for trening med individuell utviklingsperspektiv i samarbeid med foreldra. Fitjar kommune brukar «Stafettlogg» som verktøy når ein har ei uro for eit barn. Den som er nærast barnet (vanlegvis kontaktpedagog) tek kontakt med foreldra og opprettar Stafettlogg. Fitjar kommune har tilsett spesialpedagogar som jobbar med barna som har vedtak om spesialpedagogisk hjelp.

## TILKNYTNING OG OVERGONGAR

Alle barn i Fitjar soknerådsbarnehage Bakken skal erfare vaksne som er tilgjengelege, som deler barna sitt fokus, kjensler og intensjon. Når barna er i barnehagen, treng dei sekundær tilknytning. Dei har behov for å vera knytt til ein annan omsorgsperson, som kan gje støtte og trøyst på den eine sida , og som stimulerer til utvikling på den andre sida.

Vi tilsette skal vera barna si trygge hamn og base. Barna skal oppleva at vi stør deira utforskartrøng og bekreftar deira kjensler og behov for nærleik.

### Overgang heim-barnehage

Før barnet begynner i barnehagen vert foreldra invitert til eit orienteringsmøte i barnehagen på ettermiddagstid. Då får foreldra omvising på avdelinga og får ei kort orientering om barnehagestart. Foreldra får anledning til å stille spørsmål om ting dei lurar på. Det er avgjerande at foreldra kjenner seg trygge på barnehagen og dei tilsette. Er foreldra trygge, blir ofte barna raskare trygge og gjer overgangen heim-barnehage lettare. Tilvenning i Fitjar soknerådsbarnehagen Bakken vert tilpassa det einaskilde barnet sitt behov. Nytt for barnehgeåret 2024/25 har småbarnsavdelinga tilbod om tilvenning for nye born kvar fredag i juni. Dette tilbodet satsar me på å fortsetje med.

### Overgangar innad i barnehagen

Barnehagen ynskjer å skape ein trygghet for barnet ved overgang til ny avdeling. Når det er klart kven som skal bytte avdeling, begynner vi med tilvenning. Då er ei gruppe barn på ny avdeling ca. 1 gong pr veke i god tid før ferien. På den måten vert barna godt kjent på ny avdeling før dei begynner. Vi har eigne rutinar og samtalar internt i barnehagen for å utveksle informasjon til barnets beste. Foreldra blir også invitert til ein «bli kjent» samtale med den nye pedagogen.

### Overgang barnehage-skule

Fitjar kommune har ein felles overgangsplan for alle barnehagane og skulane i kommunen, «Frå eldst til yngst». Hensikta med denne planen er å bidra til eit godt samarbeid mellom skule og barnehage, slik at barnet sitt behov for tryggleik blir ivareteke i overgangsprosessen. Det blir lagt opp til at førskuleborna besøkjer skulen fleire gonger våren før skulestart. Planen skal bidra til at opplæringa skal tilpassast kvar einaskild barn allereie frå første skuledag. Planen er eit vedlegg til årsplanen.



## SATSNINGSOMRÅDER

- Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø (sosial kompetanse)
- Utvida formål: «Vi vil bidra til å gi barna kunnskap, erfaring og oppleving av kristen tru og tradisjon». Det vil seia at me legg vekt på bibelforteljing og stor vekt på dei kristne høgtidene.
- Vennskapsbarnehage i Egypt (Stefanusbarnehagane som Mama Maggie driv)
- Språk

### Sosial kompetanse

Bakken barnehage nyttar programmet «Være Sammen». Dette er eit kompetanse-hevingsprogram for tilsette i barnehagar og materiell til bruk i barnegruppa. Programmet implementerer den varme og grensesetjande vaksenstilen blant dei tilsett. Gjennom felles kursing, lesing og refleksjonar, har me i personalet no i større grad eit felles språk og praksis. Me er blitt endå meir bevisst vår vaksenrolle og vårt ansvar for relasjonsbygging. Me nyttar materiell og songar i bruk i barnegruppene i ulik grad.

Me hjelper barna til å sjå seg sjølv som viktig for fellesskapet og vera i positivt samspel med andre barn og vaksne. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne og ta omsyn til andre sine behov.

Gjennom kurset *Barnehagepakka* til Stine Sofie Stiftelse har personalet fått auka sin kompetanse når det gjeld å oppdage og avdekke vold og overgrep. Vold og seksuelle overgrep mot barn er eit stort folkehelseproblem, og me som jobbar i barnehagane står i ein unik posisjon til å identifisere og hjelpe utsette born. Målet er å styrkja barnehageansatte sin kompetanse til å handle på bekymring om vold og seksuelle overgrep. Eit anna mål er at barnehagane skal bli kompetente til å jobbe sjølvstendig og systematisk med tematikken gjennom året.

### Progresjon:

- Plan for kva bøker som passar dei ulike alderstrinna
- Vaksenrolla, varm og grensesetjande i høve til barns alder
- Hjelp barna til å meistre balansen mellom å dekkje sine egne behov og ta omsyn til andre sine behov i høve til alder og modning

### Eit inkluderande barnehage- og skulemiljø

Fellesmål for barnehagane er høg kvalitet som fremjar trivsel, leik og læring. Barnehagane skal arbeide kontinuerleg og systematisk med kjernekomponentane der eininga skal bli trygg på og utvikle dugleikar korleis ein førebyggjer, avdekker og handterer mobbing og andre krenkingar.

## Utvida kristen formål

- Kristen verdiformidling er ein del av kvardagen i barnehagen
- Kristen song og musikk (kulturarv og nyare kristne barnesongar) er ein del av kvardagen
- Vi syng bordvers før og etter maten
- Barnebiblar og kristne barnebøker er lett tilgjengelege på avdelingane
- Månadens bibelforteljing
- Vi har julespel på Vennskapsfesten og på barnehagegudsteneste
- Vi har påskevandring og pinsevandring i Fitjar kyrkje
- Vi deltek på hausttakkefest i Fitjar kyrkje
- Besøk av prest/ trusopplærar i Fitjar kyrkje ca. 1 gong pr. måned

## Progresjon:

- Heile tida tenkje barns alder og modning.
- Barns andelege utvikling, kva passar å ta opp for dei einskilde alderstrinna. Dei minste er for eksempel ikkje med på påske- og pinsevandring i kyrkja.
- Bibelforteljingane blir presentert på ein enklare måte for dei yngste.
- Vi har ein 2 års plan for bibelforteljingane. Bibelforteljingane samsvarar med forteljingane i «Plan for trusopplæring» i den norske kyrkja.
- Som pedagogiske hjelpemiddel bruker vi opplegg utarbeidd av IKO og Sprell levande (søndagsskulen Norge).



## Vennskapsbarnehage

I mars 2008 inngjekk me samarbeidsavtale med Stefanusalliansen om å vera Vennskapsbarnehage med Stefanusbarnehagane i Egypt. På «søppelfjellet» i Kairo bur det tusenvis av koptiske familiar (kristen minoritet) som er overlate til å leve i og av, storbyens søppel. Her har Mama Maggie starta Stefanusbarnehagane. 3 av oss i personalgruppa besøkte Vennskapsbarnehagen i Kairo i september 2009, og blei inspirert av dette arbeidet! Mama Maggie besøkte Norge og var på besøk i barnehagen vår, i november 2014. Det var stor stas! Tone og Torunn fekk også møte henne i Oslo 31.mai 2018. Mama Maggie driv eit omfattande arbeid og er fleire gonger blitt nominert til Nobels fredspris.

Me har Stefanussamling ca. ei gong pr måned. Barna blir kjend med korleis livet på «søppelfjellet» er og korleis dei har det i barnehagane til Mama Maggie. I november har me ekstra fokus på dette, opp mot Vennskapsfesten vår i november/desember.



## Progresjon:

- Prosjektet presentert på ein enklare måte for dei yngste
- Blåklokka har ekstra eigarskap til prosjektet.



## Språk

I Bakken barnehage skal barna bli møtt av vaksne som involverer seg gjennom å delta i allsidige aktivitetar og leik. Kvardagen i barnehagen skal vera fylt av vaksne som les bøker saman med barna, deltek i engasjerte samtalar og forteljarsituasjonar. Dei tilsette skal vera språklege modellar for barna. Me skal ha kunnskap om barns språkutvikling og leggje til rette for dagleg språkstimulering.

Gjennom det digitale programmet «Rolltalk» lagar me ulike tematavler med symbol til støtte for språket. Dette er ein del av ASK, Alternativ og supplerande kommunikasjon.

Ask handlar om visuell støtte til språk, nærmare bestemt symbolstøtte. Ein finn plansjar med symbol rundt på avdelingane, og personalet går med eit knippe med symbol. Borna er nyskjerrige på dette og me kan sjå at symbola utvidar ordbanken hos dei aller fleste. Symbola skal ikkje erstatte verbalspråk, men støtte og supplere.

Dette er tiltak for å fremme språk. ASK er svært bra for alle barn, men absolutt naudsynt for andre. Implementering av ASK i norske barnehagar eit eit inkluderingstiltak i forbindelse med kompetanseløftet, og ein rettighet for barn med språkvanskar. Bakken barnehage ynskjer å tilrettelegge miljøet slik at me er rigga for barn som har behov for visuell støtte (symbolstøtte) til språket.

Her kan ein lese meir om ASK:

<https://www.statped.no/ask/>

Me brukar symboltavler som språkstøtte. Både inne og ute. Til hjelp og støtte for alle born.

Me har eit rikt utval av bøker tilpassa alderen til barna, peikebøker, biletbøker og bøker med meir tekst. «Språkkista» og «Snakkepakken» inneheld bilete, plansjar og konkretar til språkstimulering og «Språksprell» har opplegg til samling med vekt på språk-stimulering og leseførebuande aktivitetar. «Grip omgrepa» er ein metodikk for å lære omgrep. Me vil også nytte oss av Utdanningsdirektoratet sitt materiell angående språk i barnehagen:

- Språk i barnehagen, ein rettleiar om språkstimulering, dokumentasjon og vurdering av språk, språktileigning
- Språkløyper.no

## Progresjon:

- Bøker og materiell tilpassa barnets alder, modning, interesser



## Leik og læring

Mål: «Barnehagen skal gi barn mulighet for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser:» (Barnehagelova § 2 innhald)

Leik skal ha ein sentral plass i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side av barnekulturen. Å få delta i leik og få venner er grunnlaget for at barn trivast og opplever glede i barnehagekvardagen. Barnehagen skal fysisk og organisatorisk leggje til rette for variert leik. Barnehageinnhaldet skal inspirere til fantasi, skaparglede og livsutfalding.



«Barnehagen skal gi barna grunnleggjande kunnskap på sentrale og aktuelle områder, barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringar med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskapar og ferdigheter.» (Barnehagelova §2 innhald)

Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og miljøet heng nært saman med leik, oppseding og omsorg. Omgrepet livslang læring viser at læring skjer på ulike arenaer gjennom heile livet. Interessene og spørsmåla til barna bør danne grunnlaget for læringsprosessar og tema i barnehagen. Forventningane er store om at barnehageborna skal leike seg til læring. Men det er dei tilsette som må finne ut korleis.

Leik er utgangspunkt og ein føresetnad for vidare utvikling og læring. I leik blir barna kjende med seg sjølv og sine omgivnader. Leik fremmar utviklinga språkleg, fysisk, sosialt og emosjonelt. Derfor er det viktig at barna i Bakken barnehage får gode føresetnader for å utvikle og ivareta vennskap i leik, og bearbeide opplevingar, tankar og fantasi i leik.

### Tiltak i Bakken barnehage:

- Dagsplanen legg til rette for lengre leikeperiodar
- Stimulerande leikekrokar med utstyr
- Tilstadeverande vaksne som kan komme med innspel og utviding av leiken viss det trengs
- Variert uteområde som innbyr til ulike former for leik



## Barns medverknad

Mål: Barna skal jamleg få vera delaktige og ha innverknad på barnehagen sine planar og kvardag.

*«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barns synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet.» (Barnehageloven, kapittel 2 §3)*

Barna er med og påverkar sin kvardag og innhald i barnehagen ut frå sine føresetnader og alder. Eit barn er eit fullverdig menneske, som gjennom heile dagen fortel gjennom verbalt språk, kroppsspråk og handlingar kva dei ynskjer, liker og treng. Vår oppgåve blir å ta deira perspektiv og gi positiv respons på deira utspel. Eit barn sitt synspunkt skal bli høyrte. Me skal lytte til barnas stemme og initiativ, og tenke progresjon i forhold til alder og modning. Me ynskjer gjennom observasjon og dagleg dialog med barn og foreldre, å få eit rikare bilete på kva barnet er oppteken av og liker. På den måten kan me leggja til rette for aktivitetar, bøker og leiker som stør opp om barnets interesser. I vår barnehage skal leikar og utstyr plasserast slik at barna sjølv kan nå eller spørja etter det dei ynskjer. Barnas synspunkt skal vektleggjast i arbeidet med årsplan.

### I Bakken Barnehage legg me til rette for barns medverknad mellom anna slik:

- Barnesamtale i forkant av foreldresamtale (avd. Blåklokka)
- Personalet skal ha ei lyttande, spørjande haldning, vera lydhøyr for barns synspunkt, både kva dei seier og kva dei uttrykkar gjennom kroppsspråk
- I årsplanarbeidet legg vi vekt på månadsevalueringane og tilbakemeldingar frå barna.
- Dagens ryddesjef: får ekstra merksemd i samlingsstunda, får velje song, finne bokstaven sin, dato, månad, år.
- Smørjelunsj: får velje kva dei vil ha på maten, ta omsyn til andre ved å sende pålegg osv, vente på tur
- Ein stor del av dagen kan dei velje kva og kven dei vil leike med
- Tilgjengelege leiker i barns høgde

## Danning

Mål: Barna skal utvikle evna til å reflektere over eigen veremåte og handlingar.

### Tiltak i Bakken barnehage:

- Relasjonsbygging
- Den autoritative vaksenrolla

Danning er ein livslang prosess, som rommar både utvikling, læring og omsorg, oppseding og sosialisering. Me tilsette er opptekne av å vegleie barna slik at dei lærar å veksle mellom eigne og omgivnadane sine ynskje og behov. Danning skjer i samspel med omgivnadane. Me ynskjer å leggje til rette for at barna skal bli sjølvstendige, ansvarlege og deltakande i eit demokratisk fellesskap. Gode relasjonar mellom barn og vaksen er ein føresetnad for barns danning.



## Omsorg

Mål: Kvant barn i Bakken barnehage skal bli møtt av vaksne som er «pålogga» og emosjonelt tilgjengeleg og på den måten gir god omsorg.

### Tiltak i Bakken barnehage:

- Sikra god overgang , nye barn i barnehagen og byte av avdeling
- Fast primærkontakt
- Kontaktpedagog
- Små grupper
- Observasjon

Omsorg skal prege alle situasjonane i barnehagen og komme til uttrykk når barna leiker og lærer, i stell, måltid og påkledning. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonen mellom personalet og barna og omsorga barna viser kvarandre.

Omsorg er fundamentet og kvaliteten ved relasjonen. Det er vi vaksne som har hovudansvaret for relasjonen og samspelet i gruppa. Det er viktig at barnet oppfattar at vi gir god omsorg. Å gi barn sjansen til å gi og ta imot er grunnlaget for å utvikle sosial kompetanse og eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv.




## RAMMEPLANEN SINE 7 FAGOMRÅDER SOM BARNEHAGEN SKAL ARBEIDE ETTER:

### Etikk, religion og filosofi

Barnehagen skal gi rom for undring og samtaler og møte barnas spørsmål med respekt. Barnehagen gir barn etisk vegleing som tek omsyn til barnet sine føresetnader og normer og verdier i det norske samfunn. Verdier og tradisjonar i den kristne og humanistiske kulturarven skal vektleggjast, samtidig som ein skal visa respekt for det mangfaldet som er representert i barnegruppa. Kristen verdiformidling står sentralt i Fitjar soknerådsbarnehage Bakken og gjennomsyrrar kvardagen vår og i pedagogisk tilrettelagte aktivitetar.

I Bakken barnehage inneber det:

1 og 2 åringen	3 og 4 åringen	5 åringen
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Deltok på samling kvar veke der bibel/verdiformidlande forteljing og songar er sentralt</li> <li>• opplever stort fokus på kristne høgtider</li> <li>• viser tryggleik i kvardagen</li> <li>• opplever rom for nærleik, omsorg og undring</li> <li>• utviklar forståing for at «eg er meg».</li> <li>• viser glede ved å sjå kvarandre, dele, hjelpe og trøyste.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• deltok på samling kvar veke der bibel/verdiformidlande forteljing og songar er sentralt</li> <li>• besøker kyrkja til jul og opplever julespel og påskevandring</li> <li>• viser respekt for andre barns religiøse bakgrunn</li> <li>• gleder seg over fellesskapet med andre</li> <li>• opplever innkludering gjennom rolleleik</li> <li>• opplever rom for undring</li> <li>• drar kristne verdier inn i leiken</li> <li>• reflekterer og undrar seg rundt bibelhistoriene.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• deltok på samling kvar veke der bibel/verdiformidlande forteljing og songar er sentralt</li> <li>• besøker kyrkja til jul og opplever julespel og påskevandring</li> <li>• viser respekt for andre barns religiøse bakgrunn</li> <li>• blir bevisst på å vise omsorg, å dele, ta omsyn og inkludere gjennom rolleleik</li> <li>• filosoferer over spørsmåla: Kva er rett og galt? Kvifor det?</li> </ul>




## Kommunikasjon, språk og tekst

All samhandling er kommunikasjon. Språket gir identitet og tilhøyring. Kommunikasjon er avgjerande for den intellektuelle, emosjonelle og sosiale utvikling. Dei vaksne er språklege føredøme, og må difor vere bevisst på korleis dei kommuniserer med barna. Tidleg og god språkutvikling er ein viktig del av barnehagens innhald.

I Bakken barnehage inneber det:

1 og 2 åringen	3 og 4 åringen	5 åringen
<ul style="list-style-type: none"><li>• Har biletebøker tilpassa alder tilgjengeleg på avdelinga</li><li>• Opplever vaksne som tolkar deira signal og kroppsspråk</li><li>• Opplever vaksne som hjelper dei å setja ord på kjensler</li><li>• Møter vaksne som set ord på deira omgivnadar</li><li>• Synger, høyrer forteljingar og blir lest for</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Har biletebøker tilpassa alder tilgjengeleg på avdelinga</li><li>• Møter vaksne som hjelper dei å fordjupe seg i leiken og gir rom for dette.</li><li>• Les bøker, fortel, syng og rimar</li><li>• opplever vaksne som hjelper dei å ha ulike roller i leik</li><li>• Erfarar digitale verktøy</li><li>• Øver på å bruke språket i samhandling med andre</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Har biletebøker tilpassa alder tilgjengeleg på avdelinga</li><li>• Møter vaksne som jobbar for at dei skal bli sjølvstendige i leiken</li><li>• Rimar, syng og leiker med ord, bokstaver, tal og omgrep</li><li>• Møter vaksne som jobbar for at barna skal lære å løyse konflikhtar sjølv ved hjelp av språk</li><li>• Prøver seg på ulike roller i leiken</li><li>• Erfarar digitale verktøy</li></ul>






### Kropp, rørsle, mat og helse

Barn er fysisk aktive og dei uttrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Grunnleggjande motoriske dugleikar og god helse vert utvikla frå barnehagealder. Gjennom kroppsleg meistring utviklar barn ei positiv sjølvkjensle om kropp og helse. Barnehagen skal bidra til gode vanar og sunt kosthald

I Bakken barnehage inneber det mellom anna:


1 og 2 åringen	3 og 4 åringen	5 åringen
<ul style="list-style-type: none"><li>• Opplever tumleleik</li><li>• Øver på å vaske hender, ete og drikke sjølv, og å rydde etter måltidet</li><li>• Blir tilbode eit variert kosthald</li><li>• Utviklar dugleikar i grov og finmotorikk og viser meistringskjensle</li><li>• Øver på å kle av og på seg sjølv</li><li>• Viser interesse for eigen kropp og nemner kroppsdelar</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Opplever leik og organiserte aktivitetar med rørsle</li><li>• Øver på sjølvstende ( handvask, do-besøk, påkledning og måltid)</li><li>• Blir tilbode eit variert kosthald, tek del i matlaging og vert oppfordra til å smake på ny mat</li><li>• Opplever aktivitetar som utfordrar innan grov- og finmotorikk</li><li>• Bruker uteområdet til fysisk aktivitet og vert utfordra til rørsle i variert terreng</li><li>• Erfarar at vi har ulik fysiske grenser og vaksne som legg til rette for boltreleik</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Øver på samarbeidsleiker, kropps kontroll , koordinering og balanse</li><li>• Klarer å vera sjølvstendige med handvask, do-besøk, påkledning og måltid</li><li>• Tek del i førebuing av måltid og får kjennskap om sunn og næringsrik kost</li><li>• Kler av og på seg sjølv, ryddar kler og får kunnskap om klesval til ulike vertypar</li><li>• Erfarar variert fysisk aktivitet og har god erfaring med rørsle i variert terreng</li><li>• Viser respekt for andre sine fysiske grenser i leiken</li></ul>



### Nærmiljø og samfunn

Barnehagen skal bidra til at barn møter verda utanfor familien med tillit og nysgjerrigheit. Den skal leggje vekt på å styrke kunnskap og tilknytning til lokalsamfunnet, gjennom natur, kunst og kultur, arbeidsliv, tradisjonar og levesett. Barn skal medverke i å utforske og oppdage nærmiljøet sitt. Media sin tyding i barna sin kvardag skal vektleggjast i barnehagen

I Bakken barnehage inneber det:


1 og 2 åringen	3 og 4 åringen	5 åringen
<ul style="list-style-type: none"><li>• Opplever markeringer av nasjonale høgtider: Norges nasjonaldag (17.mai)</li><li>• Viser trivnad raskt etter avskjed med foreldra</li><li>• Er trygg på rutinane på avdelinga</li><li>• Bruker heile avdelingsrommet fritt «åleine»</li><li>• Er trygg i fellesskapet i avdelinga</li><li>• Går småturar i nærmiljøet</li></ul> 	<ul style="list-style-type: none"><li>• Opplever markeringer av nasjonale høgtider: Norges nasjonaldag (17.mai)</li><li>• Har turar i nærmiljøet kvar veke</li><li>• Får ulike naturopplevingar</li><li>• Besøker/får kjennskap til historiske stadar og tradisjonar i nærmiljøet</li><li>• Får kjennskap til familiare som er representert i barnegruppa</li><li>• Får kjennskap til Stefanusbarna og korleis livet er i Egypt</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Opplever markeringer av nasjonale høgtider som samane sin nasjonaldag (6. februar) og Norges nasjonaldag (17. mai)</li><li>• Er på turar i og utanfor nærmiljøet</li><li>• Kjenner til at vi bur ulikt og har det forskjellig i Norge</li><li>• Er kjent med stadsnamn i nærmiljøet og kan noko historie</li><li>• Opplever respekt og forståing for at alle er forskjellige og like mykje verdt</li><li>• Får kjennskap til Stefanusbarna og korleis livet er i Egypt</li></ul>



## Kunst, kultur og kreativitet

Kreative aktivitetar er ein del av barnehagen sin kvardag. Barnehagen må gi barna moglegheit til å oppleve kunst og kultur og til sjølv å uttrykkje seg estetisk. Å vere saman om kulturelle opplevingar og å gjere eller skape noko felles, bidreg til samkjensle og inspirasjon i leiken. Barn skaper sin eigen kultur ut frå egne opplevingar. Gjennom rike erfaringar med kunst, kultur og estetikk vil barna få eit mangfald av moglegheiter for sansing, opplevingar, eksperimentering, skapande verksemd, tenking og kommunikasjon. Dans, musikk, teater og forming er vesentleg for å skape kulturelle uttrykk og inntrykk.

I Bakken barnehage inneber det:



1 og 2 åringen	3 og 4 åringen	5 åringen
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever formidling av eventyr, forteljing og bibelhistorier som inspirasjon til eigen fantasi og skaparglede</li> <li>• Opplever musikk og songar på ulike språk og frå forskjellige kulturar</li> <li>• Rørsele til musikk</li> <li>• Opplever vaksne som har fokus på den skapande prosessen og ikkje det ferdige produktet</li> <li>• Leiker med maling og tredimensjonale materiell (leire, modellkitt, sand..)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever formidling av eventyr, forteljing og bibelhistorier som inspirasjon til eigen fantasi og skaparglede</li> <li>• Opplever musikk og songar på ulike språk og frå forskjellige kulturar</li> <li>• Rørsele til musikk</li> <li>• Opplever vaksne som har fokus på den skapande prosessen og ikkje det ferdige produktet</li> <li>• Leiker med maling og tredimensjonale materiell (leire, modellkitt, sand..)</li> <li>• Utviklar teiknedugleik ( blyant, fargestiftar og maling)</li> <li>• Deltek i teater og drama</li> </ul> <div style="text-align: center; margin-top: 20px;">  </div>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplever formidling av eventyr, forteljingar og bibelhistorier som inspirasjon til eigen fantasi og skaparglede</li> <li>• Opplever musikk og songar på ulike språk og frå forskjellige kulturar</li> <li>• Rørsele til musikk</li> <li>• Utviklar teiknedugleikar (blyant, fargestiftar og maling)</li> <li>• Prøver seg på ulike rollar i dans, song og drama</li> <li>• Opplever lokal og nasjonal kunstuttrykk som inspirasjon til eigen kreativitet</li> <li>• Har fokus på den skapande prosessen og ikkje det ferdige produktet</li> <li>• Blir kjent med tradisjonar og kulturminne i lokalmiljøet</li> <li>• Har roller i julespelet</li> </ul>

### Mengd, rom og form

Leik er drivkrafta i all læring, også i utviklinga av barns forståing for matematiske omgrep. I arbeid med mengd, rom og form får barna erfaringar med klassefisering, ordning, sortering og samanlikning. Barnehagen skal leggje til rette for at barna har tilgang til og tek i bruk ulikt materiell som spill, teljemateriell, klossar, teknologi etc.

I Bakken barnehage inneber det:

1 og 2 åringen:	3 og 4 åringen:	5 åringen:
<ul style="list-style-type: none"><li>• Deltok i leik og samling med teljing</li><li>• Bruker leikemateriell med former, tal og storleikar</li><li>• Har leikekassar som stimulerer til sortering</li><li>• Har former og talsymbol synleg i avdelinga</li><li>• Orienterer seg ute og inne</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Har leikemateriell som stimulerer til leik og læring av tal, storleikar, former og mønster</li><li>• Bruker teljing i samlingar og kvardagssituasjonar</li><li>• Viser interesse for høgde, lengde, temperatur, mål og vekt gjennom leik og vaksenstyrt aktivitetar</li><li>• Leiker med form, fargar og mønster</li><li>• Spel, brettspel</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• Byggjer konstruksjonar med bl.a kapla og lego</li><li>• Ser samheng mellom mengde og tal</li><li>• Får forståing for matematiske omgrep (mål og vekt..)</li><li>• Nemner ulike former og fylgjer mønster (for eksempel perlebrett)</li><li>• Gjer ulike eksperiment i leik og gruppetid</li><li>• Spel, brettspel</li></ul>



### Natur, miljø og teknologi

Naturen gir rom for eit mangfall av opplevingar og aktivitetar til alle årstider og i all slags vêr. Friluftaktivitetar og uteleik er ein del av barnehagen sitt kvardagsliv. I Bakken barnehage legg me vekt på turglede og gode naturopplevingar. Barnehagen skal bidra til at barn får undre seg, eksperimentere, systematisere og samtale om fenomenen i den fysiske verden og vidare erfare korleis teknikk kan brukast i leiken og kvardagslivet.

I Bakken barnehage innber det:

1 og 2 åringen:	3 og 4 åringen:	5 åringen:
<ul style="list-style-type: none"><li>• er ute dagleg</li><li>• lærer om årstider og naturens syklus</li><li>• bruker alle sansar i utforsking av ulike naturmateriale</li><li>• viser interesse for småkryp</li><li>• utforskar teknikkar i leik med ball, pinnar, sand, vatn og testar ut tyngdekrafta</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• er ute dagleg</li><li>• lærer om årstider</li><li>• lærer om naturens syklus med dyr og planter (eks ku&gt;mjølk, korn&gt;mjøl)</li><li>• får gode naturopplevingar og viser respekt for livet i naturen</li><li>• går på tur kvar veke</li><li>• kjeldesorterer og har erfaring med gjenbruk</li><li>• utforsker og undrer seg over naturfenomen</li><li>• utforskar og tek vare på småkryp</li></ul>	<ul style="list-style-type: none"><li>• er ute dagleg</li><li>• lærer om årstidene</li><li>• lærer om naturens syklus med dyr og planter (eks ku&gt;mjølk, korn&gt;mjøl)</li><li>• går på tur kvar veke</li><li>• får gode naturopplevingar og viser respekt for livet i naturen</li><li>• kjeldesorterer og driv med gjenbruk</li><li>• gjer ulike eksperiment i gruppetid og leik</li><li>• tek vare på og ryddar i naturen</li></ul>





## PROGRESJON

Kvart barn er i utvikling og skal oppleve framgang. Dei møter utfordringar, meister og må strekkje seg. Progresjonen må tilpassast det einskilde barn. Målet vårt er at kvart barn blir sett og høyrst. Samtidig ynskjer vi at barna lærer noko nytt og utviklar seg i takt med alder og modning.

Det skal vera progresjon i arbeidet i barnehagen i forhold til alder og modning både på avdeling og i grupper. Det blir då progresjon i leikemateriell, fysisk utforming av avdelingane og ulike aktivitetar og samlingar i løpet av barnehagetida. Alle behøver ikkje vere med på alt. Dermed kan barnehagen skape ein naturleg progresjon i aktivitetane og bidra til utfordringar for barna slik at dei har noko å strekkje seg etter og sjå fram til.

## DIGITAL PRAKSIS

Den digitale praksisen til barnehagen skal bidra til leik, kreativitet og læring. Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læringsprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. I samband med bruk av digitale verktøy skal personalet vera aktive saman med barna. Barnehagen skal utøva digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium.

I Bakken barnehage inneber det:		
1 og 2 åringane	3 og 4 åringane	5 åringane
Avdelinga har nettbrett og telefon og barna ser desse i bruk	Avdelinga har nettbrett, telefon og smart-tv og barna ser desse i bruk	Avdelinga har nettbrett, telefon og smart-tv, og barna ser desse i bruk.
	Får prøve seg på aldersadekvat program på nettbrett	Får bruke nettbrett til spel i lag med ein vaksen
	Blir introdusert for tastatur og skriveprogram på PC	Blir introdusert for tastatur og skriveprogram på PC, skriv namnet sitt og set inn bilete med hjelp og skriv ut.
	Blir introdusert for digital tavle: sjå film, teikneprogram, diverse aldersadekvate program/spel i lag med vaksen	Blir kjent med digital tavle: sjå film, teikneprogram, diverse aldersadekvate program/spel i lag med vaksen

## PLANLEGGING, DOKUMENTASJON OG VURDERING

### Planlegging

Planlegging gir personalet grunnlag for å tenkje og handle systematisk i det pedagogiske arbeidet. Barnehagen er forplikta til å planleggje, vurdere og dokumentere at det pedagogiske arbeidet er i tråd med barnehagelova og rammeplanen.

I Bakken barnehage:

- Har me 5 planleggingsdagar kvart år
- Har me avdelingsmøter med planlegging kvar veke
- Har me personalmøter på kveldstid kvar måned med tid til planlegging
- Arbeide med årsplan, månadsplan og vekeplan i planarbeidet

### Dokumentasjon

Rammeplanen fastslår at dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet inngår som ein viktig del av barnehagen sitt arbeid. Dokumentasjon skal gi foreldre, lokalmiljø og kommunen som barnehagemyndede informasjon om kva barn opplever, erfarer, lærer og gjer i barnehagen, samt vise korleis barnehagen oppfyller krava i barnehagelova og rammeplanen.

I Bakken barnehage:

- Gir munnlege tilbakemeldingar om dagens hendingar
- Skriv kvar avdeling tilbakeblikk på månaden som har gått og legg ut på lukka nettside Kid plan
- Tek bilete av kvardagssituasjonar og ulike aktivitetar og legg ut på lukka nettside
- Brukar open Facebook for å gi informasjon til lokalmiljøet ( bilete der ikkje barna kan bli identifiserte)
- Bruker vi pedagogisk dokumentasjon som grunnlag for vurdering og vidare planlegging
- Synleggjer arbeidet ein gjer på veggane i barnehagen

### Vurdering

Det pedagogiske arbeidet skal vurderast- det vil seia beskrivast, analyserast og tolkast ut frå barnehagen sine planar, barnehagelova og rammeplanen. Systematisk vurdering legger grunnlag for utvikling av barnehagen som ein lærande organisasjon.

I Bakken barnehage:

- Vurderer vi arrangement og aktivitetar etter kvart som dei vert gjennomført
- Gjennomfører vi halvårlege og årlege vurderingar av det pedagogiske arbeidet
- Har vi barnesamtalar med førskulebarna før foreldresamtalar
- Gjennomfører vi brukarundersøkingar og vurderingar som grunnlag for det pedagogiske arbeidet og foreldresamarbeid, jfr. årsplan for barnehagen
- Kartleggingsverktøy som TRAS, ASQ, ASQ-SE, Askeladden, Alle Med

## SAMARBEID MELLOM BARNEHAGE OG HEIM

Foreldresamarbeidet skal alltid ha barnas beste som mål og barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid. Samarbeidet skal skje både på individnivå med foreldra til kvart einkild barn og på gruppenivå gjennom foreldreråd og samarbeidsutvalet. Samarbeidet skal sikre at foreldra får innverknad på barnehagen sitt arbeid og årsplan.

Foreldra og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barnet sin trivsel og utvikling. Me har fokus på den daglege kontakten i møte med foreldra og vi utvekslar informasjon som er til nytte for begge partar.

### I Bakken barnehage:

- Har vi oppstartsmøte for alle nye foreldre ein ettermiddag i juni
- Begynner-samtale med kontaktpedagog og foreldre
- Grppesamtale på foreldremøte med spørsmål om innhald i barnehagekvardagen/årsplan
- Alle foreldre får tilbod om foreldresamtalar haust og vår og elles ved behov
- Legg vi vekt på god informasjon til/frå foreldra ved levering og henting
- Har vi Vennskapsfest i november i samarbeid med foreldra
- Har vi sommarfest for barn og familiar
- Foreldremøte med tema i september
- Brukarundersøking kvart år i november (Udir)

### Foreldreråd og samarbeidsutval

Foreldrerådet består av foreldra til alle barn og skal fremje fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet (SU) skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet består av føresette, tilsette og eigar ( kvar gruppe likt representert). Styrar er skrivar for SU. Barnehageeigar skal sørge for at viktige saker blir lagt fram for samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet skal godkjenne barnehagen sin årsplan.

### Personalsamarbeid

Bakken barnehage legg vekt på gode forhold for personalet. Barnehagen har ordna arbeidsforhold med KA-tariffavtale og KLP pensjonsordning. Barnehagen er IA bedrift og tilknytta PBL bedriftshelsetenesta. Fokusområde er psykososialt arbeidsmiljø. Kvart år har vi personaltur i samband med planleggingsdag om våren. Elles har vi sosiale samankome og turgruppe jamleg.

Eigar skal syta for kompetanseheving av personalet og har budsjett for kurs og planlegging. Sjø kompetanseplan som er skrive i del 2.

## Kontaktinformasjon

Telefon styrar: Serina Sørfohn	902 27 978
Telefon avdeling Blåklokka ( 4-6 år) Ped.leiar: Karina Haaland	970 63 133
Telefon avdeling Marihøna (2-4 år) Ped.leiar: Mari- Anne Tislavoll	971 06 792
Telefon avdeling Sommarfuglen (0-2 år) Ped.leiar: Ingvild R Helland	958 34 366
E-post:	<a href="mailto:post@bakkenbarnehage.no">post@bakkenbarnehage.no</a> <a href="mailto:serina@bakkenbarnehage.no">serina@bakkenbarnehage.no</a>
Nettside: Open og lukka sider	bakken.barnehage.no
Facebookside og Instagram, open. (Berre bilete der ein ikkje kan identifisera barna)	



## Del 2: ÅRSPLAN GJELDANDE 2024/25

### Tilsette 2024/25

Serina Sørfohn	Styrar		100%
Ingvild R. Helland	Avdelingsleiar	Sommarfuglen (0-2 år)	100%
Gjertrud Strand	Barne og ungdomsarbeidar	Sommarfuglen	100%
Anita Havn	Barne og ungdomsarbeidar	Sommarfuglen	100%
Mari-Anne Tislavoll	Avdelingsleiar	Marihøna (2-3 år)	100%
Leni Kvalheim	Barnehagelærer	Marihøna	100%
Eva Birgit Banks	Barne- og ungdomsarbeider	Marihøna	100%
Mai Britt Solli	Barne og ungdomsarbeider	Marihøna	60%
Liv Berit Siglen	Barne og ungdomsarbeider	Marihøna	100%
Karina Haaland	Avdelingsleiar	Blåklukka (3-6 år)	100%
Mailinn Jacobsen Stokke	Barnehagelærer	Blåklukka	100%
Tone Henriksen	Barne- og ungdomsarbeidar	Blåklukka	100%
Sonja Pedersen	Barne- og ungdomsarbeidar	Blåklukka	100%
Laila Thomassen	Assistent	Blåkokka	60%

### Barn pr 01.08.24


Blåklukka	Marihøna	Sommarfuglen
7 førskulebarn fødd i 2019	1 barn fødd i 2021	4 barn fødd i 2022
14 barn fødd i 2020	13 barn fødd i 2022	5 barn fødd i 2023
3 barn fødd i 2021		

### Viktige datoar 2024/25:

05.08.2024	Planleggingsdag, barnehagen stengt
17.09.2024	Foreldremøte
26.09.2024	Fotografering ved Norsk skolefoto, junior
20.10. 2024	Hausttakkefest i Fitjar kyrkje kl. 11. Barnehageborna deltek med song.
04.11. 2024	Planleggingsdag, barnehagen stengt (kursdag)
03.12.2024	Vennskapsfest på Fitjar bedehus kl. 17.00-18.30 (med julespel og utlodning)
02.01.2025	Planleggingsdag, barnehagen stengt (evaluering/planlegging)
31.01.2025	Planleggingsdag, barnehagen stengt (kursdag)
30.05.2025	Planleggingsdag, barnehagen stengt (evaluering og årsplan neste barnehageår)

### Dagsrytme

Kl. 06.45	Barnehagen opnar
Kl. 8.00-08.45	Frukost
Til kl. 9.30	Frileik
Kl.9.30	Samling avdelingsvis eller i smågrupper
Ca kl. 10	Gruppetid, inne eller ute (leik, førskule, forming, musikk, drama, spel, lesing, tur)
Kl. 11	Lunsj (barn som skal sove) varm lunsj ei gong i veka
Kl. 12	Lunsj, store barn. Varm lunsj ei gong i veka
	Uteleik
Kl. 14.00	Ettermiddagsmat: frukt/grønnsaker/ knekkebrød/yoghurt/ vatn
Kl. 16.30	Barnehagen stengjer














### Kva tradisjonar har me?

- Bursdagsfeiring : vi heng ut flagg framfor avdelinga, lager krone, har bursdagssamling med song, leik, fruktfat eller smoothie (barnehagen ordnar dette)
- Barnehagen deltek på hausttakkefest i kyrkja. Førskulebarna går i prosesjon med fruktkorger, alle er med og syng
- Vennskapsfest på Fitjar bedehus med framsyning av julespel og utlodding til vennskapsbarnehagen i Egypt( Stefanusbarna)
- Grautfest/nissefest
- Julevandring i Fitjar kyrkje
- Barnas julebord med god julemiddag
- Luciafeiring
- Karneval/fastelavensfest
- Påskevandring i Fitjar kyrkje
- 17. mai feiring
- Aktivitetsdag Fitjar idrettspark
- Tur for førskuleborna
- Sommarfest



## Oversiktsplan for Fitjar soknerådsbarnehage Bakken 2024/25

Månad	Tema	Mål	Viktige hendingar:
August 	Tilvenning Min plass i gruppa, avdeling/barnehagen	Bli kjent! Barn- voksen Barn-barn Tilsette-foreldre	Planleggingsdag 05.08
September 	Tema- arbeid på avdelingane	Sjå kalender for avdelingane	Brannvernveke v 38 Foreldremøte 17.09 Fotografen kjem 26.09
Oktober 	Tema-arbeid på avdelingane  Hausttakkefest	Sjå kalender for avdelingane	Hausttakkefest
November 	Vennskap, «Være sammen» Vennskapsbarnehagen i Egypt Julespel med roller	Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi.	Planleggingsdag 04.11 Vennskapsfest på bedehuset 03.12
Desember 	Advent og jull!	Barnehagen skal la borna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider	Grautfest, Lucia, Julevandring, Julebord for borna
Januar 	Tema-arbeid på avdelingane	Sjå kalender for avdelingane	Planleggingsdag 02.01 og 31.01
Februar 	Tema-arbeid på avdelingane Karneval og faste Stefanus- samlingar	Sjå kalender for avdelingane	Samefolkets dag 06.02 Karneval
Mars 	Faste Påske	Barnehagen skal la borna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider	Barnehagedagen
April 	Påske Trygg trafikk Tarkus	Sjå avdelingane sin kalender	Påskevandring i kyrkja
Mai 	Landet vårt Tilvenning, overganger Kristi himmelfart, Pinse	Sjå kalender for den enkelte avdeling	17.mai øving Planleggingsdag 30.05 Pinsevandring
Juni 	Tilvenning, overganger Tema-arbeid på avdelingane		Førskuletur Aktivitetsdag Sommarfest



## Plan for kristne samlingsstunder 2024/25


Me har laga ein 2 årsplan for kva bibelforteljingar me tek opp ut frå Trusopplæringsplanen (Den norske kyrkja), og Sprell Levande (Søndagsskolen Norge). Dette er plan 1 av 2.

Haust	Bibelforteljing	Tekst
August	Gud skapar verda	1.Mos 1,1-2,4
September	Noahs ark	1.Mos. 6-9 utdrag
Oktober	Moses i sivet	Lukas 17, 11-19
November	Sakkeus	Lukas 19, 1-10
Desember	Juleevangeliet: -Ein engel viser seg for Maria -Jesus blir født -Gjetarane -Dei vise menn	Lukas 2,1-20
<b>Vår</b>		
Januar	Simon og Anna i tempelet	Lukas 2, 21-40
Februar	Peters fiskefangst	Lukas 5,1-11
Mars	Påskeevangeliet: -Jesu inntog til Jerusalem -Det siste måltidet/Jesus vaskar disiplane sine føter -Jesus døyr og står opp igjen	Lukas 19,28-37 Lukas 22, 7-20 Johannes 13,4-15 Lukas 23,26-54
April	Jesus viser seg for disiplane ved Tiberiasjøen	Johannes 21, 1-14
Mai	Kristi himmelfartsdag Pinse	Apgj. 1,4-14 Apgj. 2,1-41
Juni	Den gode gjetaren	John. 10,11-18



## Kompetanseplan for personalet 2024/25

1. Kompetanseplanen byggjer på
  - Rammepan for barnehagen (ny august 2017)
  - Fitjar kommune sin plan for kompetanse i barnehagen
  - Kartlegging av personalet sine behov
  
2. Val av utviklingsområde, Fitjar kommune
  - Kompetanseløftet
  - Betre Tverrfagleg innsats (BTI)
  
3. Val av utviklingsområde, egne behov
  - Stine Sofie barnehagepakke
  - Betre tverrfagleg innsats (BTI)
  - Eit inkluderande barnehage og skulemiljø
  - Livssynsbarnehage
  - Kartlegge alle barnehage tilsette sine behov



KOMPETANSE-OMRÅDE	NÅR	KURS/FORUM	MÅLGRUPPE	ARRANGØR	STAD
LIVSSYNS BARNEHAGE			Alle tilsette		Barnehagen
SOSIAL KOMPETANSE	Haust 2024	Stine Sofie Stiftelse	Alle	Serina og Ingvild	Barnehagen
KOMPETANSE-LØFTET	Haust 2024 Vår 2025	Overganger v/PPT	Alle	Fitjar Kommune	
NYTILSETTE	Haust 2024	Rettleiing nytilsette	Nytilsette	HVL	HVL